



Nasjonalforeningen  
Meland helselag

Meland kommune v/Kulturetaten  
Rådhuset  
Frekhaug

### SØKNAD OM TILSKOT 100 ÅRS JUBILEUM.

Nasjonalforeningen Meland helselag vil med dette søkja om økonomisk tilskot til jubileumsfeiring.

Meland helselag vart stifta i mars 1917, og kan såleis feira 100 års jubileum i 2017.  
Jubileet skal markerast med jubileumsfest 19.mars I Musikkhallen på Holme.

Meland helselag vart stifta i ei tid då det offentlege helsevesenet v ar lite utbygd og folk ikkje hadde dei hjelpeordningane som er sjølvsgde i dag.

Heimesjukepleien var det t.d.helselaget som starta og stod for i mange tiår framover i bygda vår.  
Likeeins dreiv helselaget helsepplysning ,hjelpete folk som hadde det trongt økonomisk, starta opp med spebarnskontroll, helsesjekk av skulebarn osv.

I alle desse 100 åra har Meland helselag lagt ned eit stort og verdfullt arbeid for både unge og eldre i kommunen vår.

Mestedelen av arbeidet er utført på dugnad av frivillige kvinner og menn..

I tillegg til jubileumsfesten vil vi også gi ut eit jubileumshefte. Heftet vil gi eit tilbakeblikk over arbeidet laget har drive med i desse 100 åra. Samstundes vil det også gi eit breitt bilete av aktivitetane laget driv i dag. Heftet blir forfatta av lokal journalist og det er tanken å distribuera det gratis til alle våre 260 medlemmer.

Å gjennomføra desse to prosjekta blir eit stort og krevande prosjekt for Meland helselag.

**Vi søkjer difor om økonomisk støtte til jubileumsfest og jubileumshefte .**

#### Kostnadsoverslag jubileumsfest:

Servering ( 100 pers middag, dessert, kaffi, kaker)	kr. 40.000	
Kulturinnslag, lydanlegg, blomster	kr. 12.000	
Samla utgifter	<u>kr. 52.000</u>	
Billettinntekter		kr. 30.000
<u>Forventa tilskot</u>		<u>kr. 22.000</u>



**Kostnadsoverslag jubileumshefte:**

Trykkeriutgifter 500 hefte		kr. 13.125
Oppsett layout		kr. 3.250
Skriveløn	55 t	kr. 14.000
Samla utgifter		<u>kr. 30.375</u>
Annonseinntekter		kr. 10.000
Salsinntekter		kr. 10.000
Forventa tilskot		<u>kr. 10.375</u>

Vi håpar på velvilje for søknaden, og takkar på førehand !

Frekhaug, 5.jan.2017

Med vennleg helsing

Meland helselag

*Olaug Tveit*

v/ leiar Olaug Tveit,

Melandsvegen 68,

5918 FREKHAUG

Tlf 46 81 82 44

Epost: olaug.marie.tveit@gmail.com